Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding frå Ørsta idrettsråd, 2024

Årsmøtet i 2024 vart halde i det nye klubbhuset til Vartdal TIL den 12. juni.
Styret i Ørsta idrettsråd i 2024:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Per Gunnar Indreeide	Vartdal TIL
Kasserar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Terje Aarskog	Sunnmørsk klatreklubb
Styremedlem	Rita Tryggeseth	Ørsta IL
1. vara	Njål Hoftun	Hovdebygda IL
2. vara	Margrete H. Øyehaug	Ørsta ride- og køyreklubb

Kontrollutval:
Gunnar Knutsen, Ørsta IL
Rita Myking, Åmdal IL
Bente Ørsal, vara, ØIL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Sindre Skurtveit	Hovdebygda IL
Nina Hustad	Sæbø IL
Vara: Børge Osvoll	Ørsta IL

I hallstyret er det også to politisk valde representantar, pluss dagleg leiar for Ørstahallen.

Valnemnd:

Arnar G. Holen	Sæbø IL
Øyvind Festø	Sunnmøre klatreklubb
Vara: Ann Karin Sætre	Vartdal TIL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 17 (19) medlemslag med til saman 3223 (3247) medlemmer. To medlemslag har ikkje rapportert innan fristen, og kan bli tvangsutmeld frå idrettsforbundet. Når alle har rapportert, vil medlemstalet vere ca. 3350. Det er dermed litt auke i medlemstalet frå året før.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2024 kr. 1 012 415 (kr. 937 185 i 2023) til fordeling mellom medlemslaga. Styret gjer fordelinga etter NIF sine føringar og interne føringar frå årsmøtevedtak. Det er svært viktig at laga gjer god jobb i idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Nytt i 2024 var fordeling av ekstramidlar, eller såkalla inkluderingsmidlar. Målgruppa er her den same som for aktivitetsmidlar, og ekstramidlane skal bli brukt til økonomisk støtte til medlemmer med økonomiske utfordringar. Midlane kan bli brukt til treningskontingent, utstyr, stemne m.m.
Idrettsrådet gjorde fordelinga på vegne av idrettsforbundet, og det var kr. 160 389 i potten dette året. Det er venta at denne ordninga held fram i 2025.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000
2021: kr. 44 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten (frie midlar):
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000
2021: kr. 40 000
2022: kr. 52 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2023: kr. 119 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2024: kr. 27 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2025: kr. 15 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)

Aktivitet i 2024

Det var fire styremøte i løpet av året. Det meste av kommunikasjonen i styret skjer via e-post.
Det var eitt medlemsmøte (om aktivitet og planar i samband med fordeling av lokale aktivitetsmidlar).
Det er direkte kommunikasjon med medlemslaga via e-post (difor viktig at kontaktinfo alltid er oppdatert!).
Vi var aktive i rullering av «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet». Målet er å få med i planen også kva anlegg som er i kommunen, og kva kostnad det er med å drifte dei. Planen er til full rullering (også handlingsprogrammet), og blir truleg vedteke i 2025.
Leiar stilte på den formelle opninga av det flotte klubbhuset til Vartdal TIL 28. september, og overrekte ei gåve frå idrettsrådet.

Økonomi

Ørsta idrettspark AS vart oppløyst 31.12.2023. Restmidlane på rundt kr. 250 000 vart overført til idrettsrådet. Midlane skal bli brukt til felles tiltak i Ørstahallen, etter søknad frå klubbene. Allereie i 2023 var det naudsynt å bruke av denne potten. I samband med landskamp i handball i påska, vart det avdekt manglar ved det tekniske utstyret i hallen. Etter søknad løyvde idrettsrådet vel kr. 86 000 til dette tiltaket.
Idrettsrådet har god eigenkapital og lite faste driftsutgifter. Av faste utgifter er lisens til heimesida den største.
Eigenkapitalen er på om lag kr. 150 000 utan restmidlane frå idrettsparken.

Vi ser ikkje behov for å auke inntektene i 2025. Alle idrettslag i kommunen er automatisk med i idrettsrådet, fastsetting av kontingent er fast årsmøtesak.

Status for idretten i Ørsta

I kommunen er det mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Ørsta symjeklubb la ned drifta i 2023, men har planar om å starta oppatt som gruppe i ØIL når ny symjehall er på plass i sentrum.
Dei siste fem åra er det lagt ned fem idrettslag i kommunen. Det er ikkje stor dramatikk i dette, og ulike årsaker. Men det er ikkje tvil om at det er meir utfordrande å få frivillige til å ta på seg verv.
Medlemstala er sakte på veg opp etter pandemien, men det er framleis litt igjen til dei goda tala før pandemien.
Dei fleste lag driv først og fremst med breiddeidrett, men vi finn også tilbod til dei som vil utvikle seg vidare, både innan lagidrett og individuell idrett.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Dei siste åra er det realisert fleire kostbare anlegg i kommunen. Og det er framleis høge ambisjonar. I handlingsprogrammet, som er under revidering, har både idrettslaga og kommunen spelt inn ei lang liste med aktuelle tiltak for dei næraste åra.
Det er også rekord i søknadar om spelemidlar. For raskare realisering av anlegg er det god hjelp i det kommunale spelemiddelfondet på kr. 10 mill., slik at idrettslag slepp å vente i fleire år på utbetaling av spelemidlar.
Vartdal TIL tok i bruk det nye klubbhuset sitt i 2024, truleg det flottaste klubbhuset i fylket!
Ørsta stadion blir oppgradert med nytt løpedekke våren 2025, og siktar mot nytt gras i 2026.
Dette er det einaste friidrettsanlegget i kommunen, eigar er Ørsta IL. I sentrum blir det også opna turnhall hausten 2025, også denne i regi av ØIL. På Sæbø vert det arbeidd med ein imponerande idrettspark ved fotballbana.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Ørsta, 15. mai 2025

Erlend Andersen **Per Gunnar Indreeide** **Terje Aarskog**

Tone Jøssang **Rita Tryggeseth**